

758/1933.

ad 10476/1933.

V  
0014

Det kongl. Handelsdepartement,

Sjøfartskontoret.

I brev 21. d.m. hev Sjøfartskontoret spurt um det frå Riksarkivet er noko i vegen for at arkivsaker av det slaget som Riksarkivet den 18. d.m. hev fenge prøvor på, og som Sjøfartskontoret tidlegare hev skrive um i brev 9. april 1931, kann verta øydelagde.

Med dette skal eg segja frå at Riksarkivet ikkje vil setja seg imot ei sovori kassering.

Eit atterhald lyt likevel gjerast. Sidan det under hand er upplyst at synsmennene (besiktigelsesmennene) ved skipskontrollen ikkje fører bøker, og sidan sakene ved Sjøfartskontoret vert ordna etter skip, vil det vera vanskeleg å få nokor meining um kva forretningar kvar einskild synsmann hev greidd med so framt deira eigne arkiv vert kassera. Riksarkivet vil difor råda til at synsmenn som ynskjer å kassera arkivsaker, far pålegg um fyrst å setja upp kronologiske lister i 2 eksemplar yver dei synsforretningane det gjeld, med datum for kvar forretning og namnet på kvart skip. Det eine eksemplaret vert verande hjå synsmannen, det andre innsendt til Sjøfartskontoret.

Tilsvarande arkivsaker hjå skipsinspektorene ser ut til å kunna verta kassera utan vidare.

Oslo, 23. september 1933.

A. St.